



Byggm Steinar Thunold AS
Sollsmittet 2
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1921 - 18/21541

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
10.10.2018

Endringsløyve- bustad GBNR 27/263 Moldekleiv

Administrativt vedtak. Saknr: 269/2018

Tiltakshavar: Gripsgård bygg AS
Ansvarleg søkjar: Byggmester Steinar Thunold AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve til endra plassering og høgde i samband med oppføring av bustad på gbnr. 27 /263 på Moldekleiv. Opphavelag godkjenning vart gjeve i sak DS 214/2018 den 31.08.18.

Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 09.10.2018. Bustads bredde skal utvidast med 0,5 meter slik at minste avstand til grense mot gbnr 27/262 vert 4,0 meter i samsvar med situasjonskartet motteke her 09.10.18. Som resultat av utvidinga vert mønehøgde høgare med 0,15 meter.

VURDERING:

Nabovarsling:

Omsøkt endring har ikkje vore nabovarsla i samsvar med pbl § 21 - 3 første ledd, men ettersom arbeidet ikkje, eller i lita grad, berører interessene til naboar, finn ikkje kommunen grunnlag for å krevje nabovarsling i dette tilfellet, jf. andre ledd.

Byggverkets i høgde og plassering:

Det følgjer av pbl § 29- 4 første ledd at byggverkets i plassering medrekna høgdeplassering og byggverket si høgde skal godkjennast av kommunen.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

På bakgrunn av vedlagte situasjonskart og teikningar kommunen godkjenner endra plassering og mønehøgd, som omsøkt.

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner søknad om endring av løyve som omsøkt, jf. plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-4. Plassering av bygg og mønehøgd skal vere som vist på vedlagte situasjonskart og teikningar, journalført motteke 09.10.2018. Det skal sendast inn revidert situasjonskart som viser omriss av revidert bustad før det kan søkjast om ferdigattest/mellombels bruksløyve »

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om endring GBNR 27/263

Følgjeskriv

Alt.1.Plan Utvidelse 0,50cmsøknad .Gripsgård bygg Moldekleiv-VWTMP

Alt.2.PlanUtvidelse 0,50cmsøknad .Gripsgård bygg Moldekleiv-VWTMP

Alt.Fasade 1 .2Utvidelse 0,50cmsøknad .Gripsgård bygg Moldekleiv-VWTMP

Vedlegg:

Alt.fasade 2 Utvidelse 0,50cmsøknad .Gripsgård bygg Moldekleiv-VWTMP
Alt.Kart .2Utvidelse 0,50cmsøknad .Gripsgård bygg Moldekleiv-VWTMP
Alt.Ringmurr Utvidelse 0,50cmsøknad .Gripsgård bygg Moldekleiv-VWTMP
Alt.Snitt Utvidelse 0,50cmsøknad .Gripsgård bygg Moldekleiv-VWTMP
H1 Matrikkel
Opplysninger om tiltaket

Kopi til:

Gripsgård Bygg AS	Moldekleivmarka 69A	5918	FREKHAUG
-------------------	------------------------	------	----------

Mottakrar:

Byggm Steinar Thunold AS	Sollsmittet 2	5136	MJØLKERÅEN
--------------------------	---------------	------	------------